

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 15.09.2017
Vår ref.: 2017/3551-6
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Fråsegn - offentlig ettersyn av reguleringsendring av Fossemyra idrettspark - Meland kommune

Vi viser til brev datert 5.7.2017 om høyring av forslag til endring av detaljregulering for Fossemyra idrettspark. Hovudføremålet i planen er idrettsanlegg. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan med kommuneplan der området er sett av til idrettsføremål. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: www.hordaland.no/plan.

Vurdering

Planfaglege merknader

I planarbeidet har kommunen vurdert fleire ulike alternativ for plassering av ny idrettshall innanfor planområdet, og har landa på eit alternativ der hallen vil liggje trengt opp i mot bustader i vest. Dette er etter vår vurdering ingen god løysing og vil vere kjelde til konflikt også etter bygging. Alternativ 3 der hallen er trekt lengre aust vil dempe konfliktnivået mot naboane. I følgje planskildringa er einaste motargumenta mot dette alternativet at ein ikkje får «tumbleareal» framfor hallen, og at det vert bortgøymd areal på vestsida av hallen. Gjennom utforming av anlegget og plassering av inngangar til hallen burde det vere mogeleg å finne løysingar som dempar desse utfordringane. Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å revurdere plasseringa av hallen.

Samferdsel

Idrettsanlegget ligg i eit område der det ferdast mange barn og unge. Idrettsanlegget og barneskolen ligg på kvar sin side av Fv 244, og det vil difor være viktig å finne gode løysingar for mjuke trafikantar. Dette inneber tilkomst til busshaldeplass, kryssing av veg og avkøyrslar. Statens vegvesen ber om at det vert utarbeida ein trafikkanalyse for kunne vurdere trafikktilhøva etter at hallen er bygga. Analysen vil vere grunnlag for mogleg rekkefølgjekrav knytt til etablering av gang-sykkelløysing. Hordaland fylkeskommune støtter Statens vegvesen sin vurdering av å fokusere særskilt på tilhøva for mjuke trafikantar i dette området.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern. Vi har ingen merknader til reguleringsendring når det gjeld omsynet til kulturminneinteresser.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld plassering og utforming av idrettshallen. Vi ber om at disse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunnhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA

Monika Serafinska, fylkeskonservator, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA